

MOTTATT
- 4 NOV 2010



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
10/439-ANE	04.06.2010	53096/2010/N41/813	Gry Halvorsen, 71 25 81 84	01.11.2010

Oversending av førebels fråsegn - anbod på regionale ruteflygingar i Norge frå 1. april 2012

Samferdselsutvalet i Møre og Romsdal handsama 27.10.2010 saka om anbod på regionale ruteflygingar i Noreg, sak SA-54/10-A.

Saka skal vidare til politisk handsaming i Fylkesutvalet i Møre og Romsdal 22.11.2010. Men sidan fristen for fråsegn er 01.november 2010 sender vi over tilrådinga frå Samferdselsutvalet, og ettersender det endelege vedtaket frå Fylkesutvalet etter møtet 22.11.2010.

Samferdselsutvalet gjorde følgjande samrøystes

TILRÅDING i SA-54/10-A:

Møre og Romsdal fylkeskommune har følgjande krav i **prioritert** rekkefølgje til ny anbodsrunde for regionale ruteflygingar frå 01. april 2012:

1. Ørsta/Volda lufthamn Hovden må oppretthaldast som eige konsesjonsområde.
2. Ørsta/Volda lufthamn Hovden må fristillast frå kombinasjonsløyisingar med Sogn- og Fjordane som medfører mellomlandingar.
3. Rutetilbodet til/frå Hovden må ikkje bli svekka samanlikna med dagens tilbod. Derfor bør Widerøe sin produksjon til/frå Volda/Ørsta lufthamn Hovden i dag blir lagt inn som krav i komande anbod.
4. Vesentleg betring av kapasiteten frå Hovden til/frå Bergen med direktefly må på plass. Morgonruta må vere på Flesland i tidsrommet 07.50 – 08.10, og korrespondere for mannskap og reisemontørar som skal vidare til Aberdeen, passasjerar knytt til Høgskulen i Volda, reiarlaga og den internasjonale maritime klynga. Ettermiddagsruta må ha avgang frå Hovden i tidsrommet 16.30 – 16.45, med retur frå Flesland i tidsrommet 17.00 til 17.30, og korrespondere for mannskap og reisemontørar som kjem frå Aberdeen.
5. Kommunikasjonane frå Møre og Romsdal/Sogn og Fjordane og nordover må betrast. Det er eit generelt behov for ei nordgåande rute frå Florø i Sogn og Fjordane, og/eller frå Hovden, til Trondheim, via Molde eller Kristiansund, med primært ønskje Florø – Kristiansund.

Med helsing


Magne Vinje
ass. samferdselssjef


Gry Halvorsen
rådgivar

Vedlegg: Saksutgreiing SA-54/10-A